

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/2557-6

Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - revidert prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner revidert prosjektplan slik den ligg føre

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

- Revidert prosjektplan frå Deloitte AS, datert august 2018
- Opphavleg prosjektplan frå Deloitte AS, datert mars 2018

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 7/18 i møte 27.02.18 om å bestille forvaltningsrevisjon frå Deloitte innan HMT og inkluderande arbeidsliv. Bestillinga som vart sendt Deloitte inneheldt forslag til problemstillingar, som revisor nytta som grunnlag for utarbeiding av prosjektplan.

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet HMT og inkluderande arbeidsliv 3. april i KU-sak 17/18. Bestillinga var gjort på bakgrunn av framlagd prosjektplan for oppdraget.

I ettertid har det i dialog mellom kontrollsjef og hovudverneombod kome fram informasjon som gjer at prosjektet bør vurderast utvida med problemstillingar knytt til handtering av vald og truslar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/kontrollsjef har motteke revidert prosjektplan 28. august. Planen bygger på opphavleg prosjektplan, men er utvida med problemstillingar og revisjonskriterier knytt til vald og truslar.

Det er i tillegg lagt til enkelte andre underproblemstillingar for å presisere kva ein vil få undersøkt i prosjektet.

Revisor har også føreslege tre stikkprøver for å undersøkt i kva grad handlingsplanar og risikovurderingar i HMT arbeidet faktisk vert gjennomført i einingar og få belyst kvaliteten på dette arbeidet.

Det vil vidare bli sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle hovudverneomboda som er representerte i dei lokale arbeidsmiljøutvala (LAMU) for å få deira synspunkt knytt til involvering, og etterleving av regelverk, retningsliner og føringar for HMT- arbeidet.

Prosjektet vil, med dei føreslegne utvidingane, bli gjennomført innan ei ramme på 417 timar, mot opphavleg 350 timar.

Kontrollsjefen vurderer utvidinga som føremålstenleg for å få eit godt gjennomført revisjonsprosjekt.

3. Konklusjon

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd system og rutinar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i fylkeskommunen og dei einskilde avdelingane og einingane. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad sentrale krav i intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv (IA - avtalen) blir ivareteke.

Dette er eit omfattande saksfelt. Det å få gjennomført ein god forvaltningsrevisjon av dette feltet vil krevje store ressursar. Det vert i den reviderte prosjektplanen lagt opp til å få gjennomført omfattande kontrollhandlingar for å kunne oppnå føremålet med prosjektet.